

Kulturskulenytt 2025/26 - Nr. 3 av 4.

Det har vore ei innhaldsrik tid i kulturskulen, fine opplevingar for elevane våre.

1. Kulturskulen gjennomførte ein fantastisk konsert på Blix hotell, med filmmusikk som tema. Publikum fekk oppleve eit variert og stemningsfullt program, og elevane leverte med både speglede og imponerande innsats. Etter konserten samla vi oss til ei hyggeleg avslutning med pizza.
2. Karoline og Ylva hadde ei flott helg på UKM fylkesfestival i Førde, der dei både song og deltok på workshop. Slike arenaer er viktige, og det er inspirerende å sjå engasjementet deira.
3. Gjennom Den kulturelle skulesekken fekk skulane besøk av Astrid Sudman, som lærte elevane om folkedans. Det fall verkeleg i smak, og elevane syntest det var både kjekt og lærerikt. Astrid hadde lange dagar og ei intensiv veke, men innsatsen hennar bar tydeleg frukter. Vi er svært glade for at ho tok turen frå Voss til Vik.
4. Frå 1. august Brit Eli reduserer si stilling med 20%. Det betyr at vi no lyser ut ei fast stilling som gitarpedagog i 20%. Utlusing kjem om ikkje så lenge.
5. Det er dessverre slik at Mona, kunstlæraren vår, har sagt opp stillinga si. Ho vil bli sakna, både for det faglege engasjementet og den gode kontakten ho har hatt med elevane. Vi har søkt om å få lyse ut ei 10 prosents stilling innan kunst, ventar framleis på svar.
6. Også på dansesida skjer det endringar. Dansejentene går no vidare til Voss vidaregåande skule og avsluttar danseopplæringa i kulturskulen. Vi takkar dei for innsatsen og ønskjer dei lukke til vidare. Vi er i gang med å sjå på løysingar vidare.
7. Utmelding og venteliste: Kulturskulen set pris på at elevar som ikkje ønskjer å halde fram, melder seg ut innan 1. juni, på grunn av den lange ventelista. Absolutt frist for utmelding er 1. august. Per i dag har vi 20 barn på venteliste (enkeltundervisning), og estimert ventetid for å få plass på instrumental- eller songundervisning i kulturskulen er om lag to år. Frå 2025 vart kulturskulen redusert med om lag åtte elevplassar, samstundes som fleire ønskjer å starte.

No har våren for alvor begynt å kome, og vi går ei fin og travel tid i møte med mange kjekke aktivitetar ute og inne.

I mai kulturskulen arrangerer «KUNST PÅ TVERS» gjennom interkommunalt samarbeid for 8A og 8B i veke 21 i Flatbygdi skule, og dansarane opptre både på 17. mai og under Gamalostfestivalen. I tillegg står dei lokale avslutningane att før sommaren:

6. juni kl. 13.00 Amfien - Avslutning for danseelevar

9. juni kl. 18.00 Fresvik skule - elevar i Feios og Fresvik

11. juni kl. 18.00 Amfien - elevar i Vik og Vangnes

20. juni kl. 15.00 – Sommarkonsert med sangelevar frå Vik og elevar i Leikanger - Knausen Hotell «Hero» (Interkommunal samarbeid)

KULTURSKULEN ønskjer alle ei flott og minnerik 17. mai-feiring! Hipp-hipp Hurra!



Brit Eli og Hege
(Bilde: rektor)